



Radøy kommune

KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 12.06.2019

Stad: Møterom: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Kl.: 13.00 – 15.45

Tilstade: Astrid Nordanger (leiar), Siv Beate Marøy (medlem) Nils Bård Nødtvedt (medlem), Karolina Vakt skjold (1. varamedlem) for David Pletten Aasgard, Sven Olav Saltnes (3. varamedlem) for Cyril Marøy

Innkalla: Rådmann Jarle Landås (til sak 23/19)

Revisjon: Tonje Husum Aarland, Nordhordland Revisjon IKS

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall: Cyril Marøy, David Pletten Aasgard

20/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

21/19 Godkjenning av møteutskrift

Saksvedlegg: Møteutskrift frå møte 03.04.2019

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte 03.04.2019 er godkjent

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 03.04.2019 er godkjent

22/19 Skriv og meldingar

Saksvedlegg:

- a) Referat frå møte den 08.05.19 mellom leiarane i kontrollutvala – Radøy, Meland og Lindås
- b) Høyringsuttale - Politisk styringsstruktur og reglemenet for Alver kommune
- c) Vedtak fellesnemnda Alver sak 023/19 – Revisjonsavtale
- d) Prosjektrekneskap / budsjett fellesnemnda Alver
- e) Særutskrift – Meland kontrollutval – prosjektstyring, revisjon omkring prosjektstyring i Alver

Behandling i møte:

Leiar orienterte om ulike skriv og meldingar

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

23/19 Forvaltningsprosjekt – Tidleg innsats i oppvekstsektoren

Saksvedlegg:

Nordhordland Revisjon IKS, Juni 2019:

Forvaltningsrevisjonsprosjekt, «Tidleg innsats i oppvekstsektoren, Radøy kommune».

Saksopplysningar / vurderingar:

Forvaltningsprosjektet er utført på bakgrunn av kontrollutvalet si bestilling i møte 04.03.2018, sak 14/18 og vedtak om endring i møte 14.11.2018 sak 33/18.

Det vart halde oppstartsmøte med rådmannen den 23.04.2018. Revisjonen har i prosjektperioden gjennomført dokumentanalyse, vedtaksgjennomgang og intervju med aktuelle tilsette. Det er også gjennomført ei spørjeundersøking blant foreldre. Administrasjonen ved PPT i Radøy kommune har gjeve sine kommentarar til rapporten i brev datert 03.06.2019.

Føremålet med prosjektet er å få ei vurdering av om den kommunale verksemda vert driven i tråd med regeleverket, og å skaffa fram informasjon som gjev grunnlag for kommunestyret sitt tilsyn med forvaltninga.

Revisjonen har undersøkt følgjande problemstillingar:

1. Har Radøy kommune system for å sikre tidleg innsast i oppvekstsektoren ?
2. Har Radøy kommune system for å vareta elevane sine behov ved overgang mellom barnehage, barneskule og ungdomsskule ?

3. Er sakshandsaminga knytt til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning i samsvar med lovverk og egne føringar ?
4. Kva syner spørjeundersøkinga utført blandt foreldra?

I prosjektet er det tidleg innsats i oppvekstsektoren som er utgangspunktet for revisjonen. For kvar problemstilling er det føreteke ei avgrensing.

Revisjonen har utleia følgjande revisjonskriterium for vurdering av kvart dei tre første problemstillingane.

Problemstilling 1:

- Kommunen bør ha rutiner som sikrar at born sine behov for fagleg utvikling vert kartlagt og vurdert systematisk, at teikn på faglege utfordringar vert følgd opp så tidleg som mogleg, og at det er fokus på førebyggjande tiltak
- Kommunen skal ha rutiner for årleg rapportering om tilstanden i den kommunale oppvekstsektoren, som gjev grunnlag for at kommunestyret som skuleeigar kan prioritere og vedta overordna tiltak

Problemstilling 2:

- Radøy kommune bør ha ein overgangsplan for overgangen mellom barnehage og barneskule
- Radøy kommune bør ha ein overgangsplan for overgangen mellom barneskule og ungdomsskule

Problemstilling 3:

Generelle sakshandsamingskrav (5.2):

- Vedtaket skal innehalde grunngeving for vedtaket ved å vise til heimelen, faktiske forhold som er lagt til grunn, og kva for omsyn som er vektlagde
- Vedtaksbrevet skal innehalde informasjon om retten til å sjå dokument i saka
- Vedtaksbrevet skal innehalde informasjon om høve til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage

Særskilte sakshandsamingskrav for spesialpedagogisk hjelp (5.3):

- Det må føreliggje samtykkje frå foreldra til å tilmelde til PP-tenesta
- Det skal liggje sakkunnig vurdering i samsvar med § 19 d til grunn for vedtak om spesialpedagogisk hjelp
- Foreldra har rett til å gjere seg kjent med og uttale seg kring sakkunnig vurdering før det vert fatt vedtak
- Avvik frå tilrådingane i sakkunnig vurdering skal grunnjevast i vedtaket
- Enkeltvedtak som innvilgar spesialpedagogisk hjelp skal innehalde kva hjelpa skal gå ut på, varighet, timeomfang, organisering, kompetansekrav og tilbod om foreldrerådgeving

I rapporten har revisjonen føreteke ei vurdering og gjeve sin konklusjon for kvart av kriteria som er lista opp ovanfor.

Spørjeundersøkinga vart retta mot foreldre i utvalde årskull, og omhandla foreldra sin tillit til- og dialog med skulen. Resultat av spørjeundersøkinga samanfattar og beskriv korleis foreldre opplever tilhøva og drøftar ikkje korleis dei bør vere.

Radøy kommune har vore aktiv i skipinga av «*La linea*» som konsept for tidleg innsats. I *La linea* ligg det eit heilskapleg tankesett til grunn. Fleire tiltak i *La linea*

vert utført av helse- og omsorgssektoren. I prosjektet har revisjonen derfor også gjennomført intervju med barnevernsleiar, leiande helsesjukepleiar og tidlegare kommunepsykolog for barn og unge.

Revisjonen har i rapporten gjeve følgjande tilrådingar til endring av Radøy kommune sin praksis og system for arbeidet med tidleg innsats:

- vurderer tiltak for å i større grad forankre overordna styringsdokument i organisasjonen
- arbeider med å utvikle einsarta praksis i barnehagar og skular
- arbeider med erfaringsutveksling innad i organisasjonen og synleggjering og formidling av «dei gode historiane»
- gjennomgår overgangsplanar for barnehage-barneskule og barneskule-ungdomskule for å sikre at desse er fullstendige og i samsvar med praksis i einingane
- gjennomgår kommunale malar for sakkunnig vurdering og vedtak om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning for å sikre intern konsistens og sakshandsaming i samsvar med gjeldande lovverk.

PPT har i sine kommentarar til rapporten kome med nokre rettingar og tilleggsinformasjon. Revisjonen har føreteke eit par små rettingar i rapporten i samsvar med kva PPT har påpeika.

Sekretariatet si vurdering:

Radøy, Meland og Lindås skal om eit halvår slå seg saman til Alver kommune. Også i dei to andre kommunane vert det i år gjennomført forvaltningsprosjekt av ulike tenester retta mot barn og unge.

Lindås: «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø» - ferdig aug. 2019.

Meland: «Helsetilbodet til barn og unge» - planlagt ferdig aug. 2019

Den tverrfaglege tilnærminga i konseptet *La linea*, som Radøy kommune har hatt fokus på, vil truleg også vere ein god arbeidsmetodikk for nye Alver kommune. Funn og tilrådingar i dei ulike forvaltningsprosjekta bør derfor følgjast opp i det felles arbeidet med å utvikle system, rutinar og samhandling av tenester for barn og unge i Alver kommune.

Behandling i møte:

Nordhordland Revisjon ved Tonje Husum Aarland deltok i møtet og gav ein presentasjon av prosjektrapporten og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dei ulike problemstillingane som var undersøkt i prosjektet vart gjennomgått og drøfta.

Rådmann Jarle Landås deltok og svara på spørsmål til rapporten.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kontrollutvalet rår til at rådmannen tek initiativ til å følgje opp tilrådingane i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune.

Kommunestyret ønskjer at ein tverrfagleg fokus, som konseptet La linea byggjer på, vert vektlagt i arbeidet med utvikling og utøving av tenester innan barnehage, skule og helse for barn og unge i Alver kommune.

Innan 1. oktober 2019 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret / fellesnemnda om korleis tilrådingane i rapporten skal følgjast opp.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kontrollutvalet rår til at rådmannen tek initiativ til å følgje opp tilrådingane i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune.

Kommunestyret ønskjer at ein tverrfagleg fokus, som konseptet La linea byggjer på, vert vektlagt i arbeidet med utvikling og utøving av tenester innan barnehage, skule og helse for barn og unge i Alver kommune.

Innan 1. oktober 2019 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret / fellesnemnda om korleis tilrådingane i rapporten skal følgjast opp.

24/19 Selskapsavtale om samanslåing av NHR IKS og IHR

Saksvedlegg:

Rapport til eigarane av NHR IKS og IHR

Utgreiing kring samanslåinga av NHR IKS og IHR vart delt ut i møtet

Saksopplysningar / vurdering av kontrollutvalsekretariatet:

Nordhordland Revisjon IKS (NHR) og Indre Hordaland Revisjon har sidan årsskiftet 2018/2019 gjennomført drøftingar om å slå seg saman til eit nytt og felles revisjonsselskap organisert som eit nytt IKS.

Eigarkommunane er orientert om samanslåingsprosess, bakgrunn og mål for denne. Det er utarbeida ein rapport pr. 1. april 2019 som har vore sendt som meldingssak til kontrollutvala i etterkant. Rapporten vert lagt ved saka her.

Etter april har det vore gjennomført konkrete forhandlingar om samanslåinga mellom partane og det er no utarbeida ulike avtalar som krev godkjenning i eigarkommunane.

Det er eit mål å gjennomføre samanslåinga og inngå avtalar om dette før valet i haust slik at det noverande kommunestyre som gjer vedtak i saka. Samanslåinga er planlagt gjennomført i løpet av hausten 2019, men med endra verknad og omfang grunna ulike samanslåingar av eigarkommunar frå årsskiftet.

Saka vert derfor også å handsame i kommunestyra for Radøy og Meland sjølv om dei har meldt seg ut av NHR med verknad frå etableringa av Alver kommune per 01.01.2020. Tilsvarende vil dette vere for einskilde eigarkommunar i IHR.

Samanslåinga representerer i all hovudsak ei vidareføring av dei same tenestene til kommunane etter ny eigarsamansetting både i haust og seinare frå årsskifte. Sekretariatet vurderer derfor at dette ikkje vil medføre endringar av betydning for kontrollutvala i kommunane som er medeigarar i NHR. Samanslåinga vert derfor å handsama som ei rein eigarsak for kommunane i NHR og ikkje ei sak som vert lagt fram for og krev tilråding frå kontrollutvala, etter Kommunelova § 78

3. ledd

«Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget».

4. ledd

«Kommunestyret eller fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget».

Saka vert derfor her lagt fram til orientering i kontrollutvala for kommunane i NHR. Sak om vil seinare verte lagt fram avgjerd i kommunestyra i alle eigarkommunane.

Behandling i møte:

Revisjonssjefen orienterte om saka

I orienteringa framkom mellom anna opplysningar om:

- Bakgrunn og føremål med samanslåinga
- Organisering og konsekvensar for revisjonen sine tenester etter etablering av nytt IKS
- Avtaleframlegg for samanslåinga
- Vidare prosess og tidsplan for samanslåing

Framlegg til vedtak:

Informasjon om samanslåing av revisjonsselskapa Indre Hordaland Revisjon (IHR) og Nordhordland Revisjon IKS vert teken til orientering

Samrøystes vedtak:

Informasjon om samanslåing av revisjonsselskapa Indre Hordaland Revisjon (IHR) og Nordhordland Revisjon IKS vert teken til orientering

25/19 Førebuing felles møte for kontrollutvala – september 2019

Saksvedlegg:

Referat frå møte den 8.5.19 , sjå Skriv og meldingar pkt a.

Saksopplysningar:

Leiarane for kontrollutvala har drøfta aktuelle tema for fellesmøte og har sett opp slik framlegg til program:

- Informasjon om status i arbeidet med samanslåingsprosessen
 - Ordfører i Meland kommune / leiar for fellesnemnda Øyvind Oddekalv
 - Rådmann Lindås kommune / prosjektleiar Alver kommune
Ørjan Raknes Forthun
- Orientering om status helse og omsorg - Kommunalsjef Leni Dale
- Orientering om oppdatert status for felles barnevern
 - Prosjektleiar for prosjektet Felles barnevern / Barnevernsleiar Sissel Frotjold
- Orientering om budsjettframlegg for kontrollutvalet i Alver
- Innspel til opplæringsbehov for kontrollutvalet i Alver
- Avsluttar med lunsj kl 12.00 / 13.00

Det er no avtalt slik: Møtedato: **Onsdag 25. september kl 09.00**
Møtestad: Alver hotel

Framlegg til program vert lagt fram for kontrollutvalet til drøfting i møte.

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Framlegg til program vert teke til orientering

Samrøystes vedtak:

Framlegg til program vert teke til orientering

26/19 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

I møte den 3. april 2019 svarte dei 5 medlemene som var til stades slik på utdelt spørjeskjema.

Der vart kryssa av for kvar av spørsmål nedanfor på ein scala frå frå 1- 6.

der 1 = lite/dårleg/uenig 6 = mykje/svært bra/enig

Møte og arbeid i kontrollutvalet	1	2	3	4	5	6
Har du fått god nok opplæringa om KU sine oppgåver og mandat ?			2		2	1
Er dine forventningar til KU sitt arbeid innfridd?				2	2	
Er sakene som vert drøfta i KU relevante for oppgåver og mandat som KU har ?					4	1
KU er kommunestyrets kontrollorgan – fyller ein den rolla?				1	3	1
Korleis fungerer arbeidet i KU, som eit kollegium ?					3	2
Sekretariatet						
Er sakene til møta i KU førebudd på ein tilfredstillande måte ?					1	4
Er vedtaka i KU tilfredstillande følgd opp av sekretariatet ?					1	4
Revisjon						
Er du nøgd med revisjonen sine rapportar og orienteringar ?					1	4
Forvaltningsrevisjon						
Korleis vurderer du nytten av gjennomførte selskapskontrollar?				2	1	1
Korleis vurderer du nytten av gjennomførte forvaltningsprosjekt?				1	3	1
Oppfølging av vedtak i administrasjon / kommunestyre						
Har vedtaka i KU innverknad på administrasjonen si tenesteutøving?				2	3	
Har vedtaka i KU innverknad på kommunestyret sine drøftingar/vedtak?				4	1	
Samarbeid med administrativ og politisk leing						
Vert rådmann /administrasjon for sjeldan kalla inn til møte i KU ?				2	2	1
Kor nøgd er du med administrasjonen sine orienteringar i KU ?				1	3	1
Ordførar har møte og talerett i KU – bør ordførar møte oftare ?					4	1
Informasjon kontakt med innbyggjarane						
Er innbyggjarane i kommunen kjend med kva KU si rolle er?		1	3	1		
Burde lokalavisene vore meir engasjert i KU sitt arbeid?				1	2	2

Resultat av eigenevalueringa vert lagt fram til drøfting slik den føreligg.

Medlemene vert også oppmoda om å reflektere over

- Eigne erfaringar frå kontrollutvalsarbeidet i denne kommunestyreperioden
Kva har vore bra ? Kva bør endrast?
- Korleis leggje til rette for ei god opplæring av nytt kontrollutval
 - Felles tiltak i regi av sekretariat / revisjonen – tilrettelagt for KU
 - Deltaking i folkevaldsopplæringa
 - Ønskjeleg organisering av kurs
- Andre innspel/ framlegg

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Evalueringsvert å ta med i sluttrapport frå perioden

Samrøystes vedtak:

Evalueringsvert å ta med i sluttrapport frå perioden

26/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar.

Behandling i møte:

Ingen merknader / saker vart tekne opp i møtet

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

27/19 Eventuelt

Behandling i møte:

Følgjande saker vart tekne opp i møtet:

Oppfølging:

Neste møte i kontrollutvalet er **18. september** 2019 kl. 09.00


Saker til neste møte:

- Orientering om økonomisk status 2019

Manger, 12.06.2019

Astrid Nordanger

Astrid Nordanger / leiar


Øivind Olsnes / sekretær

Til

- Kommunene
- Fylkeskommunene

Att.: Ordfører / fylkesordfører
Rådmann / fylkesrådmann
Byråd / fylkesråd
Saksansvarlig valgteknisk forberedelse
Ev. videresending til representanter for valglister til kommune- og fylkestingsvalget

Oslo, 1.7 2019

Valg av kontrollutvalg for perioden 2019–2023

Stortinget vedtok 22. juni 2018 en ny kommunelov. Mesteparten av den nye loven settes i kraft fra og med det konstituerende møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valgperioden 2019–2023, jf. kgl.res nr. 2062 av 20.12.2018. Dette gjelder blant andre kapittel 24 om kontrollutvalget.

Kontrollutvalget er ett av de få lovfestede utvalgene i kommunen/fylkeskommunen - et stadig mer sentralt utvalg, ikke minst på grunn av økt satsing på forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Det gjør også at kommunestyrene prioriterer utvalget høyere nå enn før. FKT ser det som en naturlig og gledelig utvikling.

Utvalget er ellers spesielt mht. hvem som kan velges. Vi fikk både i 2011 og i 2015 meldinger om feil ved valg av kontrollutvalg. Vi vil derfor gi noen råd og innspill før nytt utvalg skal velges i 2019:

Den nye kommunelovens bestemmelser om valg av kontrollutvalg

§ 7-1 Konstituerende møte i kommunestyret og fylkestinget

- Kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet, etter valg av formannskap/fylkesutvalg, ordfører/fylkesordfører og varaordfører/fylkesvaraordfører.

§ 23-1 Kontrollutvalget

- Kommunestyret og fylkestinget velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget.
- Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren.
- Utvalget skal ha minst fem medlemmer.
- Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.

Sekretariat:

FKT
Postboks 41 Sentrum
0101 Oslo
fkt@fkt.no

Telefon
414 71 166

www.fkt.no
Twitter: [@FKT_no](https://twitter.com/FKT_no)
Bank: 0539 43 90447
Org. nr. 989 545 159

Utelukket fra valg er

- a) ordfører og varaordfører
- b) medlemmer og varamedlemmer av formannskap eller fylkesutvalg
- c) medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med beslutningsmyndighet. Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valgbare
- d) medlemmer av kommuneråd eller fylkesråd
- e) medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité eller fylkestingskomité
- f) ansatte i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen (gjelder også deltidsstillinger)
- g) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- h) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefelleskap.

Kommunelovens regler om kjønnsmessig balanse gjelder også for kontrollutvalget.

Kontrollutvalgets rolle i folkevalgtopplæringen

§ 22-1 om kommunestyrets og fylkestingets kontrollansvar

- Kommunestyret og fylkestinget har det øverste ansvaret for å kontrollere kommunens og fylkeskommunens virksomhet.

Derfor er det svært viktig at kontrollutvalgets funksjon og rolle gis god plass i folkevalgtopplæringen.

Basisopplæringen

Vi er kjent med at det i forkant av opplæringsdagen/ basisprogrammet i KS sitt folkevalgtopplæringsprogram 2019-2023, vil arrangeres formøte mellom kursleder fra KS og kommunen (ordfører og rådmann). FKT oppfordrer til at kontrollutvalgets sekretariat inviteres til møtet. Sekretariatet kan bidra med sin erfaring og gi gode tips om kunnskapsbehovet.

Hvis kontrollutvalget skal kunne gjøre en god jobb for kommunestyret, er det viktig at medlemmene kjenner hele den kommunale virksomheten. Basisprogrammet er i så måte en god anledning og kontrollutvalget bør få tilbud om å delta på opplæringen.

Folkevalgt dager

KS anbefaler at det arrangeres folkevalgt dager som kommer i tillegg til basisprogrammet. Her kan kommunen selv legge inn fordypninger i ulike emner. Den kommunale egenkontrollen er et viktig emne som bør vurderes i denne sammenhengen.

Opplæring av kontrollutvalg

Kontrollutvalget er et lovfestet og viktig utvalg i kommunen som bør ha dyktige medlemmer. FKT er godt i gang med å planlegge opplæringstiltak for kontrollutvalgene etter valget:

- Vi vil tilby våre medlemmer en seire pp-presentasjoner - 1-2 dagers kurs som kan benyttes lokalt evt. regionalt.
- Vi vil også tilby et eget kursopplegg for kontrollutvalgsledere – «kontrollutvalgslederskolen».
- Hvert år arrangerer FKT fagkonferanse der vi retter søkelyset mot aktuelle problemstillinger og saker. I 2020 arrangeres konferansen 3-4. juni på Gardermoen. Det er naturlig at innholdet i konferansen tilpasses at kontrollutvalgene er nyvalgte.

Vi oppfordrer kommuner og fylkeskommuner til å avsette tilstrekkelige ressurser i budsjettet for 2020 til opplæring av nytt kontrollutvalg.

FKT er tilgjengelige for spørsmål som måtte dukke opp i forbindelse med valg av kontrollutvalg, egenkontrollens plass i folkevalgtopplæringen og opplæring av kontrollutvalg.

Kopi:
FKTs kontrollutvalgs- og sekretariatsmedlemmer
KS

Vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen (s)
Generalsekretær

**Arkiv:****JournalpostID:** 19/280**Saksbehandler:** Ørjan Raknes Forthun**Dato:** 26.08.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
	Fellesnemnda Alver	

Eigarskap – førebels konklusjonar

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

- Fellesnemnda ønskjer at det vert sett i gong ein prosess for å slå saman Lindås tomteselskap AS og Meland utbyggingsselskap AS. Formannskapet i Alver kommune som generalforsamling i begge selskapa tek den politiske styringa av prosessen når dei er konstituert.
- Fellesnemnda tek førebels ikkje initiativ til samanslåing av to eller tre av «vekst»-selskapa (Aufera AS, Gløde AS og Knarvik miljø og industri AS). Om nokre av eller alle selskap tek eit initiativ vil fellesnemnda vere positiv til det.
- Fellesnemnda ber dei interkommunale selskapa NGIR IKS, NUI IKS og NRH IKS om å leggja følgjande til grunn ved forslag til nye vedtekter i samband med kommunesamanslåinga:
 - Alver kommune beheld den samla representasjonen som Radøy, Meland og Lindås har hatt i styrande organ i dei tre interkommunale selskapa.

Bakgrunn

Det er utarbeid ein eigarskapsmelding som vart handsama i møte i fellesnemnda 06.05.2019. Meldinga gjev ein god oversikt over samla eigarskap for Alver kommune.

Det vart gjennomført ein drøfting med fellesnemnda i møte 03.06.2019 om vidare arbeid hausten 2019. Forslag til vedtak i denne saksutgreiinga er basert på denne drøftinga.

Utarbeiding av ein eigarskapsstrategi med utgangspunkt i eigarskapsmeldinga vil bli gjennomført etter ein politisk prioritert framdriftsplan og tidlegast våren 2020.

Saksutgreiing

Eigarskapsmeldinga syner at det ikkje er store behov for å gjøre endringar knytt til eigarskap før 01.01.20. Mange av eigarskapa kan vidareførast slik dei er i dag om dette er eit politisk ønskje.

Denne saka tek tak i to utfordringar. Område der den nye kommunen vil eige fleire aksjeselskap med same formål og IKS i Nordhordland der ein formelt må ta stilling til representasjon i styrande organ ved vedtektsendring som inkluderer Alver kommune i samarbeidet i staden for Radøy, Meland og Lindås.

Vurdering

I dag er det liten aktivitet i Meland utbyggingsselskap AS, men har tidligare hatt ein viktig rolle for å realisere politiske målsetningar. Selskapet har same føremål som Lindås tomteselskap AS. Det vil være viktig for Alver kommune på et så tidlig tidspunkt som mulig, å ha et slagkraftig tomte-/utbyggingsselskap. Eit samla selskap vil være et sterkt virkemiddel for å realisere intensjonsavtalen sine ambisjonar for Alver kommune som samfunnsutviklar. Korleis sjølve samanslåinga skal sjå og kva strategiar eit eller fleire nye selskap skal ein kome tilbake til i ein prosess styrt av formannskapet i Alver kommune.

Alver kommune vil heilt eller delvis eige tre «vekst»-selskap. Aufera AS, Gløde AS og KIM AS. Det er fleire grunnar til at ein ikkje no bør sarte prosessar knytt til samanslåing.

Dei tre selskapa har ulik eigarstruktur og det vil vere krevjande å kjøre ein prosess utan at alle eigarar er samkjørte om målet med prosessen.

Dei tre selskapa er viktige virkemiddel for å få realisert politikk saman med og i samspel med det kommunale tenestetilbodet. Det kan vere fornuftig at Alver kommune vedtek ein kommuneplan for helse, sosial og omsorg før ein tek stilling til kva ein ønskjer å gjøre med dei tre selskapa.

Det er ikkje kritisk for Alver kommune å måtte forholde seg til tre selskap.

Det er i hovudsak formelle endringar som må gjerast i vedtektene for IKS'a, for å tilpasse desse til den samanslåtte kommunen. Dette går mellom anna på namnet på kommunen og eigarbrøk. Den einaste endringa som ikkje kan vurderast som ein formalitet er representasjon i styrande organ. Inntil Alver kommune har fått gjennomført ein strategis diskusjon knytt til dette spørsmålet, bør Alver kommune behalde den samla representasjonen som Radøy, Meland og Lindås hadde kvar for seg.

Etablering av Vestlandsrevisjon IKS

Orientering til kontrollutvala

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (§27 samarbeid) har ansvar for revisjon av kommunane Eidfjord, Jondal, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss. Nordhordland Revisjon IKS har ansvar for revisjon av kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Kommune- og regionreforma påverkar dei kommunale revisjonsselskapa gjennom ein reduksjon i tal oppdragskommunar for våre revisjonsselskap. I tillegg har dei interkommunale revisjonsselskapa vore gjenstand for rasjonalisering og effektivisering i fleire periodar, noko som kan gjera verksemdene sårbare. Desse to forholda har ført til eit behov for å samla ressursane for å møte kommunane sine framtidige behov med eit fagleg kompetent og godt miljø i vår region.

Styra i våre to revisjonsselskap inviterte ordførarane 3. januar 2019 til eit drøftingsmøte om revisjonsordninga, der våre eigarar ba styra arbeida med ei samanslåing av selskapa for å imøtekomma endringane og behova som kommunane har for ei god kommunal revisjonsordning for framtida.

Styra fekk eit mandat om å laga ei utgreiing og framdriftsplan for ei samanslåing innan 1. april 2019. Denne planen vart oversendt ordførarane i eigarkommunane før påske. Deretter utarbeida styret saman med dagleg leing og tilsette grunnlaget med selskapsavtalar for ei felles interkommunal revisjonsordning mellom kommunane i Nordhordland og kommunane på Voss og i Hardanger.

I utgreiingsfasen har det vore gjennomført fleire møter arbeidsutvalet. Dette utvalet har vore samansett av styremedlemmar frå båe selskapa samt dei to administrative leiarane. Tilsette i revisjonen har også fått informasjon og komme med synspunkt undervegs i prosessen. Det har også vore orientert om arbeidet til representantskapet i Nordhordland Revisjon IKS og i selskapa sine styremøte. Vidare har det vore orientert om arbeidet i alle kontrollutvala til eigarkommunane undervegs.

Hovudkonklusjonane i utgreiinga er:

- Det vert etablert eit nytt IKS med selskapsnamn Vestlandsrevisjon IKS.
- Eigarfordelinga byggjer på ein modell der 1/3 vert delt likt mellom eigarkommunane og 2/3 vert fordelt etter innbyggartal i kommunane.
- Eigarkommunane har ikkje innskotsplikt i det nye selskapet. Selskapet vert tilført eigenkapital gjennom at eigenkapitalen i Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS vert overført pr. 31.12.2019 til Vestlandsrevisjon IKS som anna innskoten eigenkapital.
- Noverande organisering med revisjonskontor på Voss og i Knarvik vert vidareført.
- Tilsette vert overført til nytt selskap etter reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova.
- Noverande revisjonsselskap verdt lagt ned.

Det er ynskjeleg at det nye selskapet er operativt så snart som mogleg etter at alle eigarkommunane har gjort sine vedtak hausten 2019. For å realisera dette, må selskapet opprettast og registrerast i år. Kommunestyra må sjølv vedta selskapsavtalar/endringar i selskapsavtalar for IKS, og kan ikkje gjerast av fellesnemnder jfr. Lov om interkommunale selskap §4. Dette kan skapa enkelte utfordringar på grunn av kommunesamanslåing. For det fyrste er ikkje kommunestyra i dei nye kommunane konstituert før mot slutten av 2019. For det andre må selskapsavtalen endrast per 1.1.2020 i forhold til tal deltakarar og ansvarsdel som konsekvens av kommunesamanslåingane. Kommunane Meland og Radøy går saman med Lindås til Alver kommune som skal byta revisjonsordning. Jondal, Odda og Ullensvang går saman til Ullensvang kommune, medan Voss og Granvin blir til Voss herad. For dei andre eigarkommunane vert situasjonen som før.

Den interkommunale revisjonen i Vestfold og Telemark er i sluttfasa for å etablere eit nytt revisjonsselskap etter ein modell tilsvarande den som er planlagt for Vestlandsrevisjon IKS. I deira saksutgreiing er det vist til Kommunal- og moderniseringsdepartementet som har sendt eit brev til Aust-Agder fylkeskommune 29. januar 2019. Her opnar regjeringa for at det skal vera mogleg å vedta endringar i selskapsavtalar før grenseendringar eller kommunesamanslåing trer i kraft. Eigarkommunane i eit IKS kan difor velja om endringar i selskapsavtalen skal vedtakast før eller etter grenseendringar/samanslåing er iverksett. Dersom selskapsavtalen vert endra før ei grenseendring eller kommunesamanslåing er gjennomført, vil for eksempel endringa i selskapsavtalen kunne tre i kraft på same tidspunkt som grenseendringa/samanslåinga skjer. Dette må altså vedtakast av kommunestyra sjølve – enten av det «gamle» eller det «nye» – og ikkje av fellesnemnda.

Med utgangspunkt i departementet si tolking og av omsyn til prosessen vel styra for den interkommunale revisjonen å leggja fram to selskapsavtalar til vedtak samtidig: Fyrste avtalen gjeld frå stiftingstidspunktet og fram til 31. desember 2019 og den andre avtalen trer i kraft samtidig med at samanslåing til Ullensvang kommune og Voss herad skjer den 1. januar 2020. Samtidig vil kommunane Radøy og Meland opphøyrta og Alver kommune har vedteke å bruka ei anna revisjonsordning.

Selskapsavtalen som gjeld frå etableringa av Vestlandsrevisjon IKS og fram til 31. desember 2019 byggjer på på noverande eigarskap og kommunestruktur med kommunenummer som gjeld i 2019. I den andre selskapsavtalen med verknad frå 1. januar 2020, er eigarskapet justert med fråfall av kommunane Meland og Radøy. I tillegg er det justert for kommunesamanslåing knytt til Ullensvang kommune og Voss herad. Denne selskapsavtalen viser fordeling av eigarskapet med oppdaterte kommunenummer for dei samanslåtte kommunane.

Kommunane i Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland Revisjon IKS vert invitert til å fatta fylgjande vedtak:

1. Kommunen teiknar seg som deltakar i Vestlandsrevisjon IKS med ein eigardel som foreslått i § 2 i utkast til selskapsavtale gjeldande fram til 31.12.2019.
2. Kommunestyret vedtek selskapsavtalen som gjeld frå stiftingstidspunktet og fram til 31. desember 2019.
3. Kommunestyret i Radøy og Meland vedtek å tre ut av revisjonsselskapet Vestlandsrevisjon IKS frå 31. desember 2019.
4. Historisk pensjonsordning for tidlegare tilsette i Nordhordland Revisjon IKS og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt §27 som vert avvikla er eigarkommunane sitt ansvar, men skal administrerast av Vestlandsrevisjon IKS for tidlegare eigarar.
5. Kommunestyret vedtek selskapsavtale som gjeld frå og med 1. januar 2020 (eksklusiv Meland og Radøy kommune).
6. Kommunestyret vel representant med varamedlemmer til selskapet sitt representantskap. Valperioden vil vara fram til nytt kommunestyre er konstituert og har gjort nye val til representantskapet for selskapet.
7. Kommunestyret vedtek å avvikle selskapa NHR IKS og IHR etter at det nye selskapet er vedtatt stifta.

Fellesnemnda:

Etter innstilling frå kontrollutvala vedtok fellesnemndene for Ullensvang og Voss hausten 2018 å vidareføra interkommunal revisjonsordning med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt §27 som den nye kommunen sin revisor jf. inndelingslova §26 femte ledd fjerde punktum. Med mandat frå ordførarane i eigarkommunane til dei to interkommunale revisjonsselskapa om å arbeida for ei samanslåing er det planlagt eit nytt selskap. Det nye selskapet Vestlandsrevisjon IKS vil overta revisjonsoppdraga frå dei førre selskapa jfr. revisjonsforskrifta § 18 fyrste ledd.

Fellesnemnda for Ullensvang og Voss gjer egne vedtak om å vidareføra revisor frå Indre Hordaland Revisjonsdistrikt til Vestlandsrevisjon IKS frå 1. januar 2020 for dei nye kommunane.

Orientering og innstilling i Kontrollutvala til samanslåingskommunane

Kontrollutvalet skal orienterast om selskapsavtalane for det nye interkommunale revisjonsselskapet til eigarkommunane av Vestlandsrevisjon IKS.

Kontrollutvalet skal gjera ei innstilling til fellesnemnda om vidareføring av Vestlandsrevisjon IKS som revisor for den nye kommunen frå 1. januar 2020 (jfr. inndelingslova §26 femte ledd fjerde punktum.)

Månadsrapport juli 2019

Månadsrapporten gir eit kortfatta oversyn over den økonomiske stoda pr utgangen av juli 2019.

Økonomisk oversyn januar - juli 2019					
Ramme for drifta (skjema 1a)	R juli 2019	B juli 2019	Forbruk%	Avvik kr	Budsjett 2019
Skatt på inntekt og formue	(75 646 971)	(74 565 500)	101,5 %	(1 081 471)	(120 475 000)
Rammetilskot	(120 893 566)	(118 757 750)	101,8 %	(2 135 816)	(178 670 000)
Eigedomsskatt	(9 827 354)	(9 904 962)	99,2 %	77 608	(14 797 000)
Generelle statstilskot	(6 017 150)	(6 016 875)	100,0 %	(275)	(11 773 000)
Renteinntekter og utbytte	(6 530 371)	(5 435 573)	120,1 %	(1 094 798)	(6 649 000)
Renteutgifter	3 910 460	4 013 537	97,4 %	(103 077)	7 850 000
Avdragsutgifter	4 022 290	6 559 790	61,3 %	(2 537 500)	10 183 000
Sum frie inntekter	(210 982 662)	(204 107 333)	103,4 %	(6 875 329)	(314 331 000)
Drift (skjema 1b)					
Stab og fellestenester	15 657 801	13 684 188	114,4 %	1 973 613	21 458 635
Oppvekst	66 349 541	67 406 139	98,4 %	(1 056 598)	126 965 994
Helse og omsorg	86 202 165	88 308 634	97,6 %	(2 106 469)	135 571 894
Drift og forvaltning	25 114 902	24 367 447	103,1 %	747 455	39 956 832
Sum drift	193 324 409	193 766 408	99,8 %	(441 999)	323 953 355
Netto	(17 658 253)	(10 340 925)		(7 317 328)	9 622 355

Tala i kolumna B juli 2019 er gjeldande vedteke budsjett med endingar vedtekne i KST juni 2019.

Totalt sett ser drifta framleis ut til å vera i rimeleg samsvar med budsjett.

Skatteinntgangen lokalt ligg høgare enn justert budsjett, og på landsplan er det også signal om noko høgare skatteinntekter enn føresett i revidert nasjonalbudsjett. Dette kan gi «grei» meirinntekt på årsbasis.

Eigedomsskatten syner litt svikt. Kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk blir kr null for Radøy sin del. Dette skuldast modellen for finansiering av kompensasjonen, der eigendelen for Radøy blir større enn utrekna kompensasjon. Iht budsjett gir dette ein svikt på om lag kr 70.000. Renteinntektene er så langt noko høgare enn føresett, og kjem til å gje noko meirinntekt på årsbasis.

Avdragskostnaden er så langt noko lågare enn budsjett. Dette skuldast samanslåing av alle lån i Kommunalbanken, og endring av avdragsperiodar. Det ligg inga innsparing i dette på årsbasis.

For **drifta** er forbruket samla sett 99,8% av periodisert budsjett.

Stab og fellestenester har noko meirforbruk iht budsjett. Dette skuldast i stor grad avvik i periodiseringa, knytt til KS kontingent og interkommunale tenester. Dette vil jamna seg neste periode.

Oppvekst ligg samla like under budsjett, 98,4%, og så langt ser rammene ut til å halda. Verknadene av endringar knytt til nytt skule- og barnehageår vil ein først sjå i august/september.

Helse og omsorg syner også mindreforbruk, 97,6%. Kostnadene til felles barnevern er framleis uoversiktlege, m.a. grunna vesentleg avvik i overføring av data frå barnevernssystem til økonomisystem. Det vert arbeidd med å finna og lukka avviket, og det er von om at tala for august vil bli korrekte. Det er også noko uklåre kring budsjettsummane som er overførde frå Lindås i samband med samanslåinga. Ved NAV ser vi ein viss verknad av nye rutinar for utbetaling av stønad til

livsopphald, sett i verk frå april 2019. Ved Radøy matsørvis er det noko svikt i cateringinntektene så langt i året. Dei andre tenesteområda ligg svært tett på periodisert budsjett.

Drift og forvaltning har forbruk 103,1%. Mykje av dette skriv seg frå brannvern, der det har kome på ein del kostnader vi må ta i Radøy, sjølv om det er etablert felles teneste for brann og redning frå 1.1.2019. Det er også ein del ekstra kostnader knytt til vedlikehald, der noko skal dekkast av avsette midlar.



KONTROLLUTVALET - RADØY KOMMUNE

Oppsummering av arbeidet i perioden 2015 - 2019

FRAMLEGG

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i valperioden 2015 - 2019.

I perioden hadde utvalet følgjande samansetjing fram til 21.06.2018:

MEDLEMAR	VARAMEDLEMAR
Arild Tveranger – leiar	1. Arne Manger
Astrid Nordanger – nestleiar	2. Sven Ove Saltnes
David Pletten Aasgard – medlem	3. Karolina Vaktskjold f.o.m. 08.12.16
Cyril Marøy – medlem	4. Rune Mellingen
Siv Beate Marøy – medlem f.o.m. 08.12.2016	5. May Iren Sylta

Kommunestyret føretok nyval av kontrollutvalet i møte den 21.06.2018.

Medlemar og varamedlemar var etter dette:

MEDLEMAR	VARAMEDLEMAR
Astrid Nordanger – leiar	1. Karolina Vaktskjold
David Pletten Aasgard – nestleiar	2. Kjersti Haugland
Siv Beate Marøy – medlem	3. Sven Ove Saltnes
Cyril Marøy – medlem	4. Rune Mellingen
Nils Bård Nødtvedt - medlem	5. May Iren Sylta

Kommunestyret gjorde i møte den 20.06.2019 nyval av medlemar til kontrollutvalet.

Utvalet er slik sett saman for resten av perioden.

MEDLEMAR	VARAMEDLEMAR
Astrid Nordanger – leiar	1. Karolina Vaktskjold
Finn Frantzen – nestleiar	2. Ludvig Grindheim
Siv Beate Marøy – medlem	3. Sven Ove Saltnes
Nils Bård Nødtvedt -medlem	4. Rune Mellingen
Kjersti Haugland -medlem	5. Elin Morken

Kontrollutvalet er eit lovpålagt tilsynsorgan som er valt av kommunestyret og rapporterer direkte om sitt arbeid til kommunestyret. Kontrollutvalet skal føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at der er ei forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet kan i praksis sjå på alle saker og område i kommunen som kan definerast som kontroll eller tilsyn.

I sak 07/16 vedtok kontrollutvalet grunnlagsdokumentet «Kontrollutvalet Radøy kommune – ansvar, oppgåver og organisering».

Utvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte.

Kontrollutvalet sine møter er opne på lik linje med andre politiske møter. Kontrollutvalet har kalla inn administrasjonen og ordfører for å få naudsynte opplysningar i aktuelle saker.

I perioden utvalet hatt slik møteaktivitet

Tal møter				Tal saker			
2016	2017	2018	2019	2016	2017	2018	2019
5	5	4	4	43	47	39	35

Utvalet hadde også eit første møte ved oppstart etter kommunevalet i 2015.

Stortinget vedtok 22. juni 2018 ei ny kommunelov. Mesteparten av den nye lova vert sett i kraft frå og med det konstituerande møte i kommunestyret, ved oppstart av valperioden 2019-2023. Kontrollutvalet har fått informasjon om framlegget til ny *Kontrollutvalgs- og Revisjonsforskrift (høyring våren 2019)*. Ny forskrift er ikkje vedteken pr. dato, men endringane er tenkt å tre i kraft for ny valperiode.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Kontrollutvalet starta sitt arbeid i perioden med å laga ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for selskapskontroll.

Etter framlegg frå kontrollutvalet vedtok kommunestyret følgjande plan om *forvaltningsrevisjon* for denne kommunestyreperioden i sak, KS-010/16:

- Barnevern
- Kommunen si satsing på «tidleg innsats» i oppvekstsektoren
- Innkjøp/offentlege anskaffingar (dvs organisering, innkjøpsavtalar og ansvarstilhøve, kompetanse og oppdatering i høve til avtalar og lovverk m.v.)

Plan for *selskapskontroll* vart vedteke av kommunestyret i sak 29/2016 (møte 19.05.2016). Det vart då vedteke å prioritere selskapskontroll av:

- Sambandet Vest AS

Kontrollutvalet har følgd opp kommunestyret sine vedtak med gjennomføring av følgjande prosjekt i perioden:

Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta i Radøy kommune

Kommunestyret handsama forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta i Radøy kommune» i møte 27.10.16 (sak 53/16). Kommunestyret vedtok at administrasjonen skulle gjennomføre ulike tiltak for oppfølging innan oktober 2017.

Kontrollutvalet fekk i møte den 20.09.17 ei orientering frå administrasjonen om prosess for samanslåing av felles barnevern i Lindås, Meland og Radøy. Status for felles barnevern – oppfølging av forvaltningsrevisjonar, har også vore tema i fellesmøte for kontrollutvala den 02.11.18. og 25.09.19.

Selskapskontroll av Sambandet Vest AS

Utvalet planla oppstart av ein «Eigarskapskontroll i Sambandet Vest AS» i 2019. Kontrollutvalet fekk ei orientering om status og planar for selskapet av styreleiar i møte den 03.04.18.

Planlagt kontroll vart i møte den 19.09.18 avlyst sidan selskapet då var vedteke avvikla. Det er derfor ikkje gjennomført selskapskontroll i Radøy denne perioden.

Kommunen si satsing på «tidleg innsats» i oppvekstsektoren

I møte den 03.04.18 godkjende kontrollutvalet plan for forvaltningsprosjekt av: *Tidleg innsats i oppvekstsektoren*. Revisjonen sin rapport vart handsama av kontrollutvalet i møte 12.06.19 (sak 23/19). Kommunestyret handsama rapporten i møte den 20.06.19 (sak 07/2019).

Revisjonen sine tilrådingar er rådd til å verte følgd opp av rådmannen i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune. Rådmannen er beden om å gje ei tilbakemelding til kommunestyre innan 1.10.2019.

Innkjøp/offentlege anskaffingar

I møte den 14.11.18 tinga kontrollutvalet ei prosjektskisse frå Nordhordland Revisjon for ein forvaltningsrevisjon av «*Innkjøp/offentlege anskaffingar*». Revisjonen sin prosjektplan, og nytten av å gjennomføre prosjektet i det siste året for Radøy kommune, vart drøfta i kontrollutvalsmøte den 13.02.19 . Saka vart send over til kommunestyret for avgjerd.

Kommunestyret handsama saka i møte 12.03.19 (sak 03/2019) med slik vedtak:
«Forvaltningsrevisjon innkjøp/offentleg anskaffing i Radøy kommune vert teken ut av prosjektplanen for kontrollutvalet»

Kontrollutvalet ser på forvaltningsrevisjon som ein nyttig og viktig reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er derfor viktig at rapportane i etterkant vert nytta aktivt både av administrasjon og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetre og kvalitetssikre tenestene.

Revisjonen

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene vert ivareteke hovudsakeleg av revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet. Radøy kommune har vore medeigar av Nordhordland Revisjon IKS, som er eit interkommunalt revisjonsselskap eigd av dei sju kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Nordhordland Revisjon IKS planlegg i løpet av hausten 2019 å slå seg saman med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og vil etablere *Vestlandsrevisjon IKS*. Radøy kommune vil då verte medeigar i det nye selskapet ut året. Revisjonen av årsrekneskapet for 2019 (siste avlagde årsrekneskap for Radøy kommune) vil verte revidert av Nordhordland Revisjon (*Vestlandsrevisjon*).

Pr 01.01.2020 slår kommunane Meland, Radøy og Lindås seg saman til Alver kommune. Fellesnemnda vedtok i møte den 03.11.2018 at Alver kommune skulle velje å kjøpe alle revisjonstenester i marknaden.

Etter tilråding frå kontrollutvala vedtok fellesnemnda i møte den 29.04.19 (sak 023/19):
«Fellesnemnda tildeler KPMG AS kontrakt for kjøp av revisjonstenester til Alver kommune. Kontraktperioden gjeld frå og med 01.01.2020 med ein tidsperiode på 3 år samt opsjon på eit år.»

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Revisjonen har vore i fleire utvalsmøter for å orientere om sitt pågåande arbeid og planar for revisjon. Revisjonen har årleg lagt fram si erklæring om uavhengighet. Revisjonen av årsrekneskapen har vore tilfredstillande utført etter kontrollutvalet si vurdering.

Den nye *Kontrollutvalgs- og Revisjonsforskrifta* vil kunne medføre nokre endringar for revisjonen sine oppgåver og ansvar. Revisjonen skal heretter også revidere og uttale seg om ulike tilhøve i årsmeldinga ved revisjon av årsrekneskapen.

Sekretariatstenesta

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS ivaretek sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Fellesnemnda for Alver kommune vedtok i møte den 03.11.2018 å vidareføre eksisterande sekretærfunksjon med Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

Kommunen sin økonomi og rekneskap

Kontrollutvalet har årleg gjeve sin uttale til kommunen sitt rekneskap og årsmeldinga. Kommunen har i perioden hatt ein stram økonomi, men med positive driftsresultat grunna ulike ekstraordinære tilskot. Kommunen har hatt ei positiv likviditetsutvikling. I uttalar til årsrekneskapa har kontrollutvalet peika på at rekneskapane generelt har vore godt dokumentert og avstemt.

Kontrollutvalet har i perioden årleg følgd opp revisjonen sine rapportar med merknader / kommentarar til årsrekneskapen. Rådmann/økonomisjef har i løpet av 2. halvår gjeve ein status for arbeidet med oppfølging av avvik og merknader.

Kommunesamanslåing – Alver kommune

I 2017, 2018 og 2019 har kontrollutvala i Lindås, Radøy og Meland kvart år hatt eit felles møte med orienteringar om prosess og status for ulike prosjekt i samanslåinga.

I møta har mellom anna følgjande tema vore tekne opp og orientert om:

- Status i fellesnemnda sitt arbeid
- Status i arbeidet med å etablere den nye kommunen organisatorisk
- Status for felles barnevern – oppfølging av forvaltningsrevisjonar
- Orientering om felles lønn- og rekneskapskontor
- Oppfølging av forvaltningsprosjekt – Personvernopplysningar
- Status i kommunane sine planar for forvaltningsprosjekt / selskapskontrollar
- Orientering om felles prosjekt – «Betre læringsmiljø»
- Orientering om helse og omsorg
- Opplæringsbehov og budsjett 2020 – for kontrollutvalet i Alver

Andre saker som har vore handsama i perioden:

- Revisjonsmelding for pasientrekneskap ved Radøy Velferdssenter
- Orientering om mobbing i Radøy skule
- Orientering om beredskap i kommunen
- Orientering om tilsynsrapport – Kommunen sitt ansvar for at skulane følgjer krava i opplæringslova kapittel 9a
- Orientering om status for oppfølging av «forvaltningsrapport NAV»
- Orientering om kommunen si oppfølging av ulovleg bygging
- Orientering om helse- og omsorgstenesta
- Orientering om oppfølging av sak vedkomande Sæbø skule
- Orientering om kommunestruktur og status for prosess med samanslåing av Alver kommune
- Orientering om prosess for samanslåing av økonomikontora for Alver
- Orientering om status og planar Sambandet Vest AS
- Tiltråding revisjonsordning og sekretærfunksjon for Alver kommune
- Orientering frå rådmannen om «Tolga-saka» - bruk av konsulent i Radøy
- Årleg orientering om økonomisk status for kommunen
- Årleg oppfølging av merknader i nummererte revisjonsrapportar
- Oppfølging av innspel frå einskildpersonar til saker i kontrollutvalet
- Orientering og dialog med rådmannen
- Orientering om møteportal for politikarar
- Årleg møteplan/ årsplan for kontrollutvalet
- Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Andre kommentarar

I 2016 deltok fleire av medlemmene på kurs for kontrollutvalsmedlemmer som vart arrangert i Knarvik 20. januar og på innføringskurs kommuneøkonomi.

I februar 2017 deltok leiar og eit medlem deltok på NKRF sin konferanse på Gardermoen.

Leiar deltok på leiar-møte for kontrollutvala i Nordhordland 6. juni 2017.

I 2018 deltok leiar og tre medlemer på folkevaldopplæring for kontrollutval i Hordaland.

I 2018 og 2019 har leiar saman med leiarane i Meland og Lindås delteke i ulike møte for førebuing av felles saker for Alver kommunen.

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet er eit lovfesta og viktig utval i kommunen som bør ha dyktige medlemar.

Det er derfor svært viktig at kontrollutvalet sin funksjon og rolle vert gjeven god plass i folkevaldopplæringa etter valet. Kontrollutvalet meiner det derfor er viktig at det også vert sett av ressursar til naudsynleg deltaking i særskilte kurs og opplæring slik at kontrollutvalet best mogleg kan utføre sitt mandat.

Kontrollutvalet vil til slutt takke for alle orienteringar og god kommunikasjon med administrasjonen og kommunestyret i perioden som er gått.

Manger 18.september 09.2019

Astrid Nordanger, kontrollutvalsleiar